




MASFJORDEN KOMMUNE
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Masfjorden - 32/2 - utlegging av flytebrygge - dispensasjon

Vi viser til brev frå Masfjorden kommune datert 08.12.2022. Saka gjeld dispensasjon frå formål i reguleringsplan for Bjørkeneset for utlegging av flytebrygge med landgang. Landgang vil ligge innanfor formålsområde BBS 2 «Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandlinje» og sjølv flytebryggja i arealformål BSB «Småbåtanlegg i sjø og vassdrag». I formål BBS 2 vert det opna for båtøpptrekk og kaipirer, medan arealformål BSB legg opp til småbåtanlegg i sjø.



Statsforvaltaren si vurdering

E-postadresse:

sfvpost@statsforvalteren.no

Sikker melding:

www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:

Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:

Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00

www.statsforvalteren.no/vi

Org.nr. 974 760 665



Statsforvaltaren kan ikkje sjå at det er satt byggegrense mot sjø i reguleringsplanen. Det er satt ein byggegrensa i naustområde N2. Det ser ut som både flytebrygge med landgang og naust er plassert i strid med byggegrensa i N2. Vi vurderer difor at det er naudsynt med dispensasjon frå byggegrense mot sjø. Dette må søkast om jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-1.

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd.

Intensjonen i reguleringsplanen er eit samla småbåtanlegg i BSB. Etter det vi kan sjå er planen i dag følgt opp med båtopptrekk og kaipirer i BBS, mens småbåtanlegget i BSB ikkje er påbegynt. Å gje dispensasjon for flytebrygge for to nausteigedomen kan vere uheldig for gjennomføring av reguleringsplanen. Det kan vere at det kjem fleire tilsvarande søknader, som det vil vere vanskeleg for kommunen å avslå, eller at dette tiltaket i seg sjølv vil gjere det vanskelegare å få til eit hensiktsmessig småbåtanlegg innafor arealet. Det vil vere uheldig om ein endar opp med ein heilt anna løysing for sjø og strandsone enn det som skal vere grundig vurdert i ein reguleringsplan.

Vi ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN